

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	12.08.2022
Vår referanse	2022/64636-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	John Anton Gladso
E-post	John.Anton.Gladso@vlfk.no
Telefon	48225890

Att.Henrik Hveding

Fråsegn til søknad om mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Espelandsvatnet i Hyllestad kommune

Vi viser til søknad om å starte med å tappe ned Espelandsvatnet 1. september, ein måned tidlegare enn reglementet tilseier.

Eviny fornybar AS skal utføre erosjonssikring i Espelandsvatnet. Arbeidet vil ta fire til seks veker, og i den perioden må Espelandsvatnet haldast under kote 79. I perioden 1. mai til 1. oktober skal så vidt mogleg vasstanden haldast over kote 84,5. Resten av året kan vasstanden senkast til 76,5 (LRV).

Tiltaket fører ikkje til vesentlege endringar samanlikna med vanleg drift, sidan vasstanden ikkje skal senkast under lågaste regulerte vasstand (LRV). Vi kjenner ikkje til utforminga av innløpselvane ved vasstand under kote 79, men det kan vere at enkelte innløp då vil kunne få redusert oppvandring av aure. Det er ein relativt tett bestand av aure i vatnet, og vi ventar ikkje at tiltaket vil påverke fiskebestanden i større grad. Vi vurderer at avviket frå manøvreringsreglementet ikkje vil påverke tilstanden i vassførekomsten 080-1625-L Espelandsvatn, som i dag er vurdert å ha moderat økologisk potensial. Det vil etter vår vurdering heller ikkje vere til hinder for at vassførekomsten kan nå målet om godt økologisk potensial i framtida.

Vi ventar ikkje at det varsla avviket har nemneverdige konsekvensar for friluftsliv.

Med helsing

Sveinung Klyve
seniorrådgjevar
INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

John Anton Gladso
seniorrådgjevar
INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2